

Samanstilling av høyringsinnspel frå kommunar i Vestland fylke ved høyring av forskrift om jakt- og fangsttider 2022–2028

| Kommunar | Høyringsinnspel |
|---------------------------------|---|
| Alver Adm. | <p>Hjort: Forslag om jakt på kalv-kolle-fjorkolle på innmark frå 01.08.</p> <p><u>Grunngjeving:</u> Behov for reduksjonsavskyting og rette opp skeiv kjønns- og aldersstruktur. Betre høve for uttak av hjort i sommarområde. Tidleg uttak av dårleg kondisjonert kalv som følgje av paring i 2. eller 3. egglysing vil raskt gje kolla betre kondisjon.</p> <p><u>Føresetnad:</u> Krav om samtidig uttak av kalv-kolle, eller kalv-kolle-fjorkolle. Kalv skal alltid skytast først.</p> |
| Askøy | <p>Hjort: Forslag om å endre jakttida på hjort (frå 20.08. til 31.01.). Forslaget er at utvida tidsperiode berre skal ha jakt på innmark – for å avhjelpe beiteskadar.</p> <p><u>Merknad:</u> Kommunen har ikkje hatt eit ordinært politisk møte om høyringa, og første ordinære møte er 28.10.2021. Men medlemmene i Vilt- og innlandsfiskeutvalet har fått e-post med informasjon. Av 5 medlemmer i Vilt- og innlandsfiskeutvalet har 4 svart på e-post, og alle 4 er positive til ei utviding av hjortejakta.</p> |
| Bergen Politisk (byrådet) | <p>Hjort: Forslag om utvida jakttid på hjort 20.08.–23.12. og 01.01.–31.01.</p> <p><u>Grunngjeving:</u> Kommune ser revisjon av jaktidsramma for hjortevilt som eit relevant og viktig tema, og er positiv til innspelet (frå Vestland fylkeskommune) om revidert jaktidsramme. Kommune ser også vilkår om avgrensing til innmarksjakt i den utvida jaktperioden som mogeleg relevant lokaltilpassing. Argumentet for denne avgrensinga er både at forlenga jakttid ikkje vil kome i konflikt med friluftslivinteresser då innmark i liten grad er områder i bruk i friluftslivssamheng, og at fokus på uttak på innmark vil imøtekome beiteskadeproblematikk i landbruket, samt optimalisere ivaretakinga av dyrevelferda ved at innmarksjakt gir betre høve til vurdering av det enkelte individ før uttak. For kommunar som ønskjer å avgrense jakta i den utvida perioden, f.eks. til berre innmarksjakt, vil dette vere mogeleg etter jaktidsforskrifta § 3.</p> <p>Grågåås: Kommunen støttar høyringsforslaga</p> <p>Ærfugl: Kommunen støttar oppheving av jakt (alternativ 1) og oppheving av eggsanking, begge med bakgrunn i internasjonal bestandsnedgang.</p> <p>Utvalde måkeartar: Kommunen støttar høyringsforslaga rundt sanking av egg.</p> <p>Andre høyringsforslag: Kommunen støttar dei føreslåtte avgrensingane og oppheving av jakttid for enkelte artar grunna bestandsnedgang. Støttar også harmonisering av jakttider for ei rekkje artar.</p> <p>Framande artar: Kommunen vurderer av dyrevelferdsmessige grunnar at det ikkje kan forsvarast å vidareføre jaktida gjennom yngletida for bisam, mårhund, vaskebjørn og villmink utan at det ved uttak i denne perioden ev. også vert sett krav til uttaksmetodar som sikrar at ikkje ev. avkom blir etterlatne. Ei fastsett jakttid i yngletida framstår ikkje i samsvar med viltlova § 9 og dyrevelferdslova § 20. Sjølv om nedkjemping av framande artar er eit argument for tilrettelegging av uttak, framstår det ikkje etisk forsvarleg å avlive eit mogeleg mordyr om det ikkje også vert sett krav til kjennskap om avkom. Kommunen meiner samtidig at uttak</p> |

| | |
|---------------------------------------|---|
| | <p>av framandarta hanndyr kan gjerast gjennom heile året og at ei avgrensing på jakt i yngletida berre skal gjelde hodyr. Sjølv om framande viltartar, ut frå eit omsyn til bevaring av biologisk mangfald, gjerne må forvaltast ulikt frå naturleg førekomande viltartar, må likevel etikk og dyrevelferd prioriterast på lik linje for både framande og naturleg førekomande artar.</p> <p><i>Mink:</i> Kommunen merkar at det i høyringsnotatet framgår at endring av jakttida for bl.a. mink er på høyring, men kan ikkje sjå at ei endring i jakttid for mink framkjem i høyringsforslaget.</p> |
| Bømlo Politisk | <p>Hjort: Forslag om utvida jakttid på innmark 20.08.–31.08. <u>Grunngjeving:</u> Tette hjortebestandar på Vestlandet med store beiteskadar på eng og skog.</p> |
| Fitjar Adm. | <p>Grågås: Grågåsa er i sterk vekst her på vestlandet og ein har mykje beiteskadar på eng, bør difor vurdere vårjakt for grågås for dei områda som har mykje skade på eng, spesielt ytre kyststrok for vestlandet.</p> <p>Kråke og Ramn: Bør også vurdere vårjakt for kråke og ramn for same område, der lam er utsett for kråka og ramn på vårbeite.</p> |
| Gulen Politisk | <p>Hjort: Alternativt framlegg til vedtak om utvida jakttid vart ikkje vedteke.</p> <p>Vedtak: Gulen kommune har ikkje noko endringsframlegg i høve til dei framlegga som ligg inne i høyringsdokumentet.</p> |
| Kvam Adm. delegert | Same innspel som Ullensvang kommune |
| Stord | Same innspel som Fitjar kommune. |
| Ullensvang Adm. delegert | <p>Hjort: Forslag om utvida jakttid 20.08.–31.01. <u>Grunngjeving:</u> Dette som eit tiltak for og redusera beiteskade på innmark i kommunane. Ullensvang og Kvam er store landbrukskommunar med til dels tette hjortebestandar. Dette fører til store problem for landbruket ved at ein får store beiteskadar på eng og frukttre som fører til betydeleg reduksjon av avling. Det blir gitt ut nok løyve under jakta for å kunne redusera problemet med beiteskadar. Utfordringane er at hjorten oppheld seg høgt opp i terrenget og til dels i fjellet under jakta. Når snøen kjem blir hjorten pressa ned mot dyrka mark. Dette skjer stadig seinare på hausten og gjerne etter at jakta er avslutta. Skal ein få løyst dette problemet så er utvida jakttid einaste løysing. Dette gjeld også utviding av jakttida før ordinær jakt startar 01.09. Dette for å ta ut dyr som oppheld seg på innmarka under vekstsesonen. Kommunane har brukt viltfondet for og løysa noko av utfordringane i fruktnæringa ved og sette opp viltgjerde. Dette hjelp ikkje for dei som driv med grasproduksjon.</p> |
| Vaksdal Politisk | <p>Hjort: Forslag om utvida jakttid på hjort 20.08.–23.12. og 01.01.–31.01. Forslaget er avgrensa til at det berre skal vere lov å jakta på innmark etter friluftsløva sin definisjon, i perioden frå og med 20. august til og med 31. august. <u>Grunngjeving:</u> Kommunen sitt viktigaste argument for å framskande jakta, er omsynet til skadeproblematikk på innmark, grunna store og veksande hjortebestandar. Ei framskunding av ordinær jakttid til 20. august, vil leggje til rette for eit høgare uttak av skadegjerarar på innmark innanfor ordinær jakttid. Dette vil igjen kunne redusere søknadane om - og tildelingane av - «skadedyr» etter naturmangfaldlova, som i dag er ei reell problemstilling i høve til skadesituasjonen. Bruk av skadefellingsordninga er omdiskutert, og som problemløysing vil det truleg vere like tenleg å utvide jakttidssamma, samanlikna med ein lokal prosess om tildeling av «skadedyr». Vi trur også at dette vil medverke til eit vel så presist og effektivt uttak som bruk av skadefellingsordninga. Eit anna argument for å framskande jaktstarten, er å få tilstrekkeleg tid til å ta ut tildelte løyve og rett type dyr under ordinær jakt, spesielt i «høgareliggjande strøk», der trekkjande bestandar gjer at den reelle tida for å ta ut tildelte løyve er avgrensa. Vi er kjend med at tidlegare opning for jakttidstart</p> |

| | |
|----------------------------|--|
| | <p>frå 1. september, skulle medverke til dette, men går inn for ei ytterlegare framskunding.</p> <p><u>Føresetnad:</u></p> <p>Føresetnaden for å framskunde jaktstart til 20. august, er ei biologisk og etisk forsvarleg jakt. Denne vurderinga vart vurdert - og funnet tilrådeleg - av Miljødirektoratet i samband med utviding av hjortejakta i randkommunane til Nordfjella villreinområde («CWD sona»). Jakttida her fell saman med vår føreslegne jakttid i begge endar, og bør i dette høve vere tilrådeleg.</p> <p>Omsynet til friluftslivet, jf. viltlova § 1 andre ledd, må liggje til grunn ved fastsetjing av jakttider. Her meiner vi difor at ei opning for jaktstart frå og med 20. august, bør avgrensast til innmark, og at dette ikkje vil vere i særleg konflikt med andre friluftslivsinteresser. Den same vurderinga er òg knytt til framlegget om å utvide jakta i januar månad. Vaksdal kommune meiner at ei utviding av jakta til og med januar månad, kan leggje grunnlag for å høgare uttak, der den lokale situasjon tilseier dette.</p> |
| <p>Vik Adm.</p> | <p>Hjort: Eit fleirtal i Vik Hjortevilråd meiner at det er negative sider ved å utvida jakttida både i august og januar. Administrativt meiner ein at det er tilstrekkeleg handlingsrom for å halde bestanden nede på eit akseptabelt nivå med tanke på skade, innanfor den jakttida ein har i dag. Bruk av bestandsplan er eit godt verktøy.</p> |